

Invitasjon til Futsal–turneringar 10 – 14 år

NFF Sogn og Fjordane inviterer til Futsal turneringsspel i klasse 10-14 år i vintersesongen 2018-2019.

Futsal har blitt ei populær spelform i vinterhalvåret, der spelarar blir utfordra på fart og teknikk på små flater. Underlag i form av enten parkett eller sportsgolv, samt futsalball (mindre størrelse, og redusert sprett), fører til at spelarane får nye og utviklande utfordringar. Storleiken på bana og måla er lik som i handball.

Datoar for turneringane blir som følgjer:

Turnering 1: søndag 18.november

Turnering 2: søndag 16.desember

Turnering 3: søndag 13.januar

Påmelding av lag til Turnering 1, 18.november, gjer de her:

[PÅMELDING FUTSAL](#)

Frist for å melde på lag til Turnering 1 er: **1.november 2018**

For dei neste to turneringane, 16.12 og 13.1, vil vi sende ut ein ny påmeldingsside til alle lag og klubbar, om lag ein månad før påmeldingsfristen går ut.

Aldersinndeling blir som følgjer:

- 10 år – dei som fyller 10 år i 2018.
- 11 år – dei som fyller 11 år i 2018.
- 12 år – dei som fyller 12 år i 2018.
- 13 år – dei som fyller 13 år i 2018.
- 14 år – dei som fyller 14 år i 2018.

Påmelding:

Det vil vere ei påmeldingsavgift pr. lag for kvar turnering på **kr. 600,-**. NFF Sogn og Fjordane vil i etterkant av påmeldinga sende faktura til klubben.

Ved påmelding må de i påmeldingsskjema legge inn *kva region de ønskjer å delta i*.

NB! I år er det kr.500.- i bot for trekking av lag!

Dispensasjon:

Det blir ikkje opna for generell aldersdispensasjon i Futsal-turneringane.

Premiering:

Lag som deltek på alle tre turneringsdatoar i sin region, er med på trekning av eit ballnett med 6 flotte futsal-ballar. Det blir trekt ut eit ballnett i kvar aldersklasse, og dei vil bli sendt dei heldige laga etter siste turnering.

Dersom det er noko de lurar på, så tek de kontakt med underteikna.

Sportsleg helsing

Yngve Håkonsen

Tlf. 57 62 87 05

E-post: Yngve.haakonsen@fotball.no

NFF Sogn og Fjordane